



Klårt for ein ny sesong - og så er det snart vår!

55 deltakarar i konkurranseklassa og 24 i barnerennet slapp den dyktige arrangør Rosendal Turnlag ut i sesongens fyrste karusellrenn i Fjellhaugen i dag. Det var imponerende mange i ein sesong som har vore prega av snøtørke.

- Sesongstart 22. februar kan eg ikkje hugse at vi har hatt så seint før. Den seinaste starten eg kjem på var litt tidlegare ifjor, og det var 13. februar, seier superveteranen Pål Haugland frå Uskedalen.



Stilig nytt antrekk!

Han var forventningsfull som ein gutunge over å kunne spennast på skia og innrømte at det har vore monotont å trene på barmark utan stans sjølv om treninga i stor grad har gått føre seg på hans vegnett. På den andre sida er det ikkje mange år sidan det vart arrangert skirenn utanfor Baroniet og det var ypperleg skiføre sentralt i vår bygd.....



Syskenpar med olympiske hovudplagg

Rennet var avvikla på svært våt nysnø utan at nokon hadde sure

minar av den grunn. Uskedelingane gjorde seg som dei plar gjera sterkt gjeldande med å stilla 20 av deltakarane i konkurranseklassa. Også med omsyn til antrekket markerte dei seg.



Torbjørn Haugland frå Uskedalen i god fart på veg mot mål

Vi siktar då til at dei stilte opp i stilige og nye drakter i svart og mørkegrønt. Men vi tek også med at det var olympisk sus over søskenparet Eirik (3) og Ingrid (6) Eik Arnevik. Dei hadde olympisk lue heimestrikka av tanto, som heiter Jofrid Eik. Kanskje kan ho gjera ei næring utav det?



Åsne H. Arnesen frå Uskedalen kastar seg ned over målstreken på olympisk vis

På deltakarlista var atskillige sterkt sakna, men når ein tenkjer på treningstilhøva i det siste var lista likevel svært tilfredsstillande, ikke minst sett gjennom Uskedalbriller! Rennets program var også spennande då det var opna for skibyte for dei eldre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

NETT: Ola Matti Mathisen

## RESULTATA KJEM SEINARE



Brynjar Vigrestad er i klassa for 11-åringane.



Celine Musland frå Uskedalen e i klassa for 10 år og yngre



Hanna Tvilde frå Uskedalen går i 12-årsklassa